

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
083/20	Formannskapet	PS	14.10.2020
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	20/2590

## **Innhenta tilbud på utarbeiding av eigarskapsmelding og eigarstrategi på vegne av Osterøy kommune**

### **Vedlegg:**

KS-konsulent - Tilbud-Eierskapsmelding-Osterøy kommune

PwC - Tilbud Osterøy Kommune eierstrategi

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Heradsstyret vedtek å akseptere tilbudet frå PwC**

**Kostnadene vert dekkja ved bruk av dispensasjonsfond.**

### **Formannskapet - 083/20**

### **FS - behandling:**

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes

### **FS - vedtak:**

Innstilling til vedtak i heradsstyret:

**"Heradsstyret vedtek å akseptere tilbudet frå PwC**

**Kostnadene vert dekkja ved bruk av dispensasjonsfond."**

### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

Det vert etterspurt tilbud på utarbeiding av eigarskapsmelding og eigarstrategi frå KS konsulent, PwC, Telemarksforskning, BDO og Agenda Kapuang.

Berre KS konsulent og PwC Bergen har respondert på førespurnad og levert tilbud innan fristen som vert gitt

### **Bakgrunn**

Formannskapet gjorde 02.09.20 slikt vedtak:

*"Formannskapet ber rådmannen starte arbeidet med oppdatering av eigarstrategi og etablering av selskaps-strategi for dei heileigde kommunale selskapa.*

*Etter oppdatert eigarstrategi skal selskapsstrategi for Osterøy Utvikling prioriterast. Strategien skal gje tydelege føringar for selskapa sine verksemdsområde, retningslinjer for styret (samansetning/kompetanse), og korleis selskapa sine menneskelege og økonomiske ressursar kan forvaltast i samsvar med eksisterande (evt. nye) vedtekter. Prosessen skal sikre politisk medverknad og konkluderast innan utgongen av mars 2021."*

Tilbod frå KS-konsulent ligg ved saka og har ein estimert pris, etter førebels ramme for gjennomføring, på kr 186 000,- eks mva. Evt. reisekostnadar kjem i tillegg.

Tilbod frå PwC ligg ved saka og har ein fastpris på kr 264 000,- eks mva. Reisekostnader utover planlagte møter og samlinger på Osterøy, jf. tilbudet, kjem evt i tillegg.

### **Vurdering**

Tilboda er i det vesentlege nokså like, noko som ikkje er så overraskande då tematikken eigarskapsmelding/-strategi ikkje kan variere så mykje, og det i forespørselen har vore satt premisser for kva kommunen ønskjer at skal vere med. Tilboda er likevel ganske ulike i korleis dei legg fram sine tankjer og framgangsmetodikk.

KS-Konsulent gir i sitt tilbud ein detaljert fremstilling av kva dei tenkjer skal vere med i eigarskapsmeldinga og korleis den vert bygga opp. I sin inndeling av prosjektet, fase 1-3, gir dei også ein grov gjennomgang av korleis dei tenkjer å jobbe.

PwC gir i sitt tilbud ein detaljert gjennomgang av korleis dei tenkjer å jobbe i dei ulike fasene (1-4). Dei gir ikkje ein oversikt på same måte som KS-konsulent over korleis dei tenkjer det endelege resultatet vil sjå ut, men dei bruker meir plass på forklare korleis dei tenkjer å løyse arbeidet og prosessen.

Det kan også vere vanskeleg å samalikna dei to tilboda då utforminga og oppsettet hjå dei to er ganske ulikt, men totalt sett vurdereres det at kommunen uansett vil få ein god prosess og eit godt resultat, uavhengig av kven av dei to tilbyderane ein velgjer.

Både KS-Konsulent og PwC har brei og god erfaring frå tilsvarande arbeid. Det som kan tale for å velgje PwC Bergen er at dei jobbar meir aktivt i Vestland fylkeskommune iom at dei har kontor og tilsette i Bergen og difor kjenner dei kanskje meir til regionen enn kva KS-konsulent gjer.

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at Heradsstyret går for PwC sitt tilbud

Saka vert lagt fram for formannskapet med handsaming og innstilling til Heradsstyret.